

Sak 2

ÅRSMELDING 1996/97

Årsmøtet 1996

Årsmøtet i stiftinga vart halde i Volda 16. september 1996, samstundes med Dei nynorske festspela 1996. 18 stiftarorganisasjonar var representerte. Årsmøtet behandla dei vanlege årsmøtesakene, i tillegg til egne drøftingar om arbeidet framover generelt og om festspela. Til arbeidsutval for stiftinga vart desse attvalde: Jostein Nerbøvik (leiar), Ola E. Bø (nestleiar), Jan Olav Fretland, Jens Kåre Engeset, Jan Magne Dahle.

Etter at årsmøtet var avslutta, var det eit eige drøftingsmøte med *tema Korleis kan vi ha nytte av Ivar Aasen-senteret*. Fylkeskultursjef Aasmund Mjeldheim, Hordaland fylkeskommune innleidde til debatt. Styret og dei innbodne gjestene frå stiftarorganisasjonane drøfta mellom anna samarbeidet mellom Ivar Aasen-tunet og Ivar Aasen-instituttet, arbeidet med planlegging av det nye bygget i Aasen-tunet, innhald i og målgruppe for tunet.

Framtidig organisasjonsform

Årsmøtet i 1996 gjorde slikt vedtak:

Ivar Aasen-stiftinga ber Kulturdepartementet om å setja fortgang i arbeidet med å få oppretta eit interimsstyre for det nye Ivar Aasen-tunet. Samstundes må det arbeidast ut nye vedtekter for stiftinga.

Først i mai i år fekk arbeidsutvalet, etter fleire purringar, møte med Kulturdepartementet der dette vart drøfta. AU leigde så advokat til å sjå på organisasjonsform og vedtektsendringar. Resultatet av arbeidet vert lagt fram som eiga sak på årsmøtet i 1997.

Arbeidet med Ivar Aasen-tunet

Brukargruppa (BG) for Ivar Aasen-tunet vart skipa 1. mars 1996. I starten var BG sett saman av AU i Ivar Aasen-stiftinga, Sigve Gramstad og Erling Wist frå Kulturdepartementet. Dei to sistnemnde gjekk seinare ut av BG av formelle grunnar. Etter råd frå Åse Kleveland vart Liv Hilde Boe frå Norsk Folke-museum spurd om å vera med i BG. Boe vart med i BG frå desember 1996. Hilde Mortvedt var prosjekt-koordinator fram til årsskiftet, då Unn Røyneland tok over. Jostein Nerbøvik er leiar i BG.

Utgangspunktet for arbeidet til BG er *Plandokumentet* frå mars 1995 og *St prp nr 1 Tillegg nr 4* (1995-96). Siktemålet med BG er å:

- a) konkretisera føremål og innhald i prosjektet
- b) visualisera ideane i samarbeid med kompetente konsulentar
- c) formidla resultata inn i prosjektet.

Som brukargruppe overfor Statsbygg kjem BG stendig med innspel om viktige program-føresetnader. Såleis gjekk gruppa gjennom Byggeprogrammet frå Statsbygg, som med merknader og innspel frå BG vart ferdig vår -97. Statsbygg er no klar til å skriva endelege kontraktar med arkitekt og konsulentar. Byggestart er sett til april -98 med ferdigstilling vår -99. Med ferdigmontert utstillingsdel bør bygget kunne opnast sommaren -99. Eit av dei uavklarte spørsmåla når det gjeld nybygget, er kjøp av tomta

(storleik og pris). Ansvaret for dette ligg no hjå Statsbygg. BG har òg hatt god kontakt med arkitekt Sverre Fehn og hans kontor. BG har hatt jamlege møter både med Fehn og Statsbygg. Resultata frå BG sitt arbeid er formidla vidare til arkitekt og byggherre både gjennom desse møta og gjennom skriftlege innspel.

BG har sett seg som mål å jamføra vårt arbeid med liknande prosjekt, både i inn- og utland. Gruppa har særleg hatt god nytte av kontakten med The European Bureau for Lesser Used Languages i Dublin og leiaren Dónall O Riagáin. BG har elles hatt stor nytte av kontakten med Maihaugen v/museumsstyrar Olav Aaraas og med museumsforskar Jon Aage Gjestrum. I løpet av våren -97 har BG vore i kontakt med ulike museumsinstitusjonar både for å henta idear og erfaringar og for å halda oppe nettverkskontakten. Vi har mellom anna vitja Bremuseet i Fjærland, Maihaugen, Skogbruksmuseet på Elverum, Norsk Folkemuseum m.v. Vi har òg hatt fleire møte med Norsk Museumsutvikling v/Jon Birger Østby og Det Norske Samlaget v/Eli Fiskvik og Oddmund L. Hoel. Under Den internasjonale Ivar Aasen-konferansen i november -96 presenterte BG prosjektet for ei rad utanlandske gjester, og fekk svært gode og nyttige tilbakemeldingar.

BG har sett ned tre undernemnder, ei for utstillingsdelen, ei for dokumentasjonsdelen og ei for animasjonsdelen. Leiarane for kvar av desse nemndene er Ola E. Bø, Jan Olav Fretland og Jan Magne Dahle. Utstillingsnemnda har hatt møter både med Einar Økland og Stephen Walton. Nemnda tek sikte på å levera eit ferdig notat om utstillingsdelen i løpet av august -97. Dokumentasjonsnemnda har arbeidd med å forhandla fram ein samarbeidsavtale med Dokumentasjonsprosjektet v/Universitetet i Oslo. Avtalen gjeld tilgang til eit stort digitalisert nynorsk materiale som vil fungera som ein grunnstein i databasen i Ivar Aasen-tunet. Dokumentasjonsnemnda arbeider vidare med dette. Animasjonsnemnda har arbeidd med å få i stand ein animasjonsfilm i Aasen-tunet. I april -97 leverte Studio Magica v/Lars Tømmerbakke ei forprosjektskisse om animasjonsfilm i tunet. Skissa har vore grundig diskutert i BG og gruppa er svært innstilt på å gå vidare med prosjektet. Animasjonsnemnda arbeider vidare med finansiering av animasjonsfilmen.

BG har elles gitt Jon Aage Gjestrum i oppdrag å dokumentera Aasen-gjenstandane i det noverande Aasen-museet. Gjestrum har registrert og teke bilete av dei 550 gjenstandane i museet og dei 509 arka i herbariet. Alle bileta skal digitaliserast og presenterast på CD-rom. Gjestrum starta dette arbeidet i byrjinga av august -97.

Møteveksemd: BG har hatt tre møte i løpet av våren -97, i februar, mai og juni. Møtet i juni var lagt opp som ein to-dagars idedugnad om innhaldet i Tunet. I tillegg til medlemmene i BG deltok òg Einar Økland på dette seminaret som viste seg å verta svært vellukka i det BG kom eit godt stykke vidare i planlegginga av innhaldet i tunet.

Den internasjonale Ivar Aasen-konferansen

I samarbeid med Universitetet i Oslo v/Institutt for nordistikk og litteraturvitskap, skipa Ivar Aasen-stiftinga til ein større internasjonal språkkonferanse 14.-16. november 1996. I styringsgruppa sat: Dagfinn Worren (leiar), Ola E. Bø, Arne Torp, Else Ryen og Sigrid Nesje (sekretær). Unn Røyneland var tilsett av Stiftinga som hovudsekretær for konferansen, som var eit arrangement i Ivar Aasen-året. Eit hovudsiktemål med konferansen og ringverknadene av han, var å gje idearbeidet med Ivar Aasen-tunet eit internasjonalt tilsnitt og å oppretta eit større internasjonalt kontaktnett, som kan bli eit viktig ankerfeste for det vidare arbeidet med og i Ivar Aasen-senteret.

Hovudtema for konferansen var språkkontakt, med særleg vekt på fleirspråklegheit i eit minoritets-/majoritetsperspektiv og normer, status og normering. Innfallsvinklane til desse temaa var både fleir- og

tverrfaglege. Dagens språkforskning og språkpolitikk i ulike delar av Europa og i det sørlege Afrika blei tematisert dei to første dagane, medan den siste dagen tok opp Ivar Aasens forskingsinnsats både i norsk og europeisk perspektiv.

Foredragshaldarane på konferansen var fagfolk, forskarar og politikarar både frå inn- og utland. I alt deltok 8 utanlandske (frå ulike land) og 15 norske innleiarar. Konferansen samla dermed både foredragshaldarar og deltakarar elles frå mange ulike fagfelt. I løpet av hausten -97 vil foredraga frå konferansen koma ut i ein konferanserapport i skriftserien frå Ivar Aasen-instituttet. Rapporten får stønad både frå Institutt for nordistikk og litteraturvitskap v/UiO, Ivar Aasen-instituttet v/ Høgskulen i Volda og Ivar Aasen-stiftinga.

Ivar Aasen-instituttet - eit senter for nynorsk skriftkultur

Ivar Aasen-instituttet vart oppretta ved Høgskulen i Volda i 1995. Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet tildelte same året Ivar Aasen-instituttet ein knutepunktfunksjon i Noregsnettet. Knutepunktfunksjonen gjeld nynorsk skriftkultur.

Referansegruppa for Ivar Aasen-instituttet skal gje faglege råd til styret ved HVO. Gruppa har 11 medlemmer, der 6 er eksterne. Desse er med: Jan Terje Faarlund, leiar, Jens Kåre Engeset (frå Ivar Aasen-museet/Ivar Aasen-tunet), Reidun Høydal, Ingeborg Kongslie, Theo Koritzinsky, Jostein Nerbøvik (frå Ivar Aasen-stiftinga), Gunnar Skirbekk, Jan Inge Sørbø, Sigrid Straand, Kjell Venås og Sveinung Vaage. Arbeidsutvalet (AU) er samansett av: Jan Terje Faarlund, leiar, Jostein Nerbøvik, Jan Inge Sørbø og Sveinung Vaage.

Ivar Aasen-instituttet er organisatorisk underlagt Avdeling for humanistiske fag (AHF). Referansegruppa har fremja tanken om at Ivar Aasen-instituttet som eining i prinsippet bør plasserast utanfor avdelingane og beinveges under styret. Den organisatoriske strukturen kjem venteleg opp som eiga sak i høgskulestyret hausten 1997.

Skriftserien "Skrifter frå Ivar Aasen-instituttet" har gjeve ut to publikasjonar:

1. Ivar Aasen, Det norske Folkesprogs Grammatik. Ved Terje Aarset.
2. Forteljingar om Ivar Aasen. Aasen-resepsjonen i fortid og notid. Ved Geir Hjorthol.

Instituttet skal vera med på å publisera rapporten frå Den internasjonale Ivar Aasen-konferansen som vart halden i Oslo hausten 1996.

Stephen Walton er tilsett som professor II i nynorsk skriftkultur. Sveinung Vaage er tilsett i eit professorstipend innanfor same fagfeltet. Terje Aarset har fått eit vikarstipend ved instituttet, og Odd Monsson har fått eit engasjement for hausten 1997, også med administrative gjeremål. Prosjektleiar Helga Stave Tvinnereim slutta ved instituttet våren 1997. Høgskulen er av KUF tildelt eit 3-årig rekrutteringsstipend i nynorsk skriftkultur. Det melde seg 8 søkjarar, og det vert no arbeidd med tilsetjinga.

Dei Nynorske Festspela

Dei nynorske festspela 1996

Dei Nynorske Festspela vart i 1996 skipa til for femte gongen på rad. Dei var utan tvil ein publikums- og programsuksess, og var eit viktig innslag i Ivar Aasen-året 1996. Om lag 10 000 personar vitja ei festspelttilskiping, og det vart registrert 6 000 betalande. Dette er ein klar rekord, og det var viktig å oppnå

dette i Ivar Aasen-året. Det økonomiske resultatet vart svært dårleg, med vel 390 000 kroner i underskot (medrekna renter på lån til dekking av tidlegare underskot).

Festspelnemnda 1996 var samansett slik: Odd A. Steinvåg (leiar), Sigrid Lødemel Gudnason, Terje Kjøde, Heidrun Torbjørnson, Sveinung Walset. Jostein Nerbøvik møtte i nemnda frå stiftinga. Då dagleg leiar slutta på dagen i juli, gjekk nemndsleiar Odd Steinvåg gjekk inn som dagleg leiar på deltid.

Dei nynorske festspela 1997

Årsmøtet 1996 gjorde slikt vedtak om Dei Nynorske Festspela 1997:

Dei nynorske festspela blir skipa til i Ørsta/Volda i 1997. Stillinga som dagleg leiar vert lyst ut snarast som ei åremålsstilling for tre år. AU syter for ei utgreiing om framtidig organisasjonsmodell for festspela, og sender utgreiinga til høyring mellom stiftarane

På grunn av det svært dårlege økonomiske resultatet i 1996, vart ikkje stillinga som dagleg leiar lyst ut. Odd Steinvåg vart engasjert som prosjektleiar på deltid, direkte underlagt AU, og med ansvar for program og økonomi. Det er lagt opp til eit noko enklare festspel for 1997, med stor vekt på eit positivt økonomisk resultat. AU har drøfta programinnhald og budsjett på fleire møte. Festspela har i år eit budsjettert overskot på kr 84 000.

AU har drøfta den framtidige organiseringa av Dei Nynorske Festspela i samband med dei andre organisatoriske endringane som er nødvendige i stiftinga. Forslag til endringar vert lagt fram som eiga sak på årsmøtet i september 1997.

Ivar Aasen-året 1996

Stiftinga Ivar Aasen-året 1996 vart lagt ned våren 1997, etter å ha arbeidd arbeider svært godt. Ivar Aasen sitt namn og arbeid har vore meir i fokus både i media, skuleverket og kulturlivet generelt gjennom heile 1996 enn nokon gong før. Det er utarbeidd ein eigen sluttrapport for året.

Ivar Aasen-stiftinga har overteke arkivmateriale, utgjevingsrettar, originalkunst, restopplag salsmateriell (m a nokre litografi) etter Ivar Aasen-året 1996. Stiftinga er også beden om å halda fram med utdelingane av Ivar Aasen-prisen og Ivar Aasen-stipendet.

Økonomi

Økonomien til stiftinga har vore svært dårleg siste året, og er framleis svært stram. Ved årsskiftet hadde stiftinga negativ eigenkapital. Rekneskapen for 1996 er ført samla for stiftinga og for Dei Nynorske Festspela, medan dei tidlegare har vore førte separat. Samla resultatet for 1996 er på - 108 000. Festspela har eit opparbeidd underskot på vel 590 000 kroner.

Arbeidsutvalet har arbeidd mykje for å få til eit felles tak for å styrkja økonomien til stiftinga. Vi har fått til ein bra nedbetalingsplan med den største kreditoren vår, Volda kommune. Siste avdrag skal betalast i oktober 1997. I tillegg har Volda kommune ettergjeve eit rentekrav på vel 18 000 som kommunen hadde på Dei Nynorske Festspela. Også Ørsta og Volda Sparebank har vore velvillig, og vil avskrive kr 77 500 av gjelda vår.

Så langt har vi fått løyvingar frå fire stiftarar, Det Norske Teatret, Ivar Aasen-museet, Samlaget og Noregs Mållag, med i alt 43 000. Det vert arbeidd for å få inn meir støtte, slik at vi når målsetjinga i budsjettet på kr 70 000.

AU har vidare arbeidd ut nye retningslinjer for rekneskapsføring, tilvising, reiserekningar osv. Det har vore brukt minst mogeleg til drift, reising osv.

Styret

Styret for stiftinga har vore samansett av ein fast styremedlem med personleg varamedlem frå dei av skiparane som har ønskt styrerepresentasjon. Det har ikkje kome til nye skiparar i perioden. Ei liste over styremedlemene ligg ved. Styret har ikkje hatt styremøte sidan siste årsmøte.

Arbeidsutvalet har hatt 9 møte i perioden, 4 av desse som telefonmøte. Arbeidsutvalet/medlemene i AU har også hatt møte/samtalar med representantar for vertskommunane, fylkeskommunen, Høgskulen i Volda, Statsbygg, arkitekt Sverre Fehn og hans kontor, Kulturdepartementet og familie-, kultur- og administrasjonskomiteen i Stortinget. Det er eit stort sagn i arbeidet at stiftinga er utan fast administrasjon.

Ola E. Bø orienterte om arbeidet i Ivar Aasen-stiftinga på landsmøtet i Noregs Mållag i juli 1997.

Sekretær: Stiftinga kjøper sekretærtjenester hjå LNK, avgrensa til 10 % stilling. Rekneskapen vert ført av Voldaregnskap AS.

RESULTATREKNESKAP for 1996

Ivar Aasen-stiftinga

DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	1996	1995
	Note	
Tilskot frå Kulturdep. o.a.	2 1.760.464,30	591.000,00
Gåver	0,00	1.507,00
Sal av varer og annonser	333.420,78	0,00
Billettinntekter	351.318,46	160.521,00
Annonsestønad	0,00	199.850,00
Andre inntekter	18.138,50	12.360,00
Sum driftsinntekter	3 2.463.342,04	965.238,00
Varekostnader	202.019,66	11.500,00
Lønskostnader	628.052,86	507.647,42
Leige- og leasingkostnader	77.482,96	53.174,83
Utstyr og driftsmateriell	31.276,79	55.321,60
Reise/oppbald	588.149,82	209.876,55
Honorar	704.332,75	110.366,61
Dei Nynorske Festspela	0,00	11.887,00
Møtekostnader	34.177,63	7.561,00
Marknadsføring	51.935,32	26.653,20
Ymse kontorkostnader/porto m.m.	167.390,73	45.259,13
Sekretærtjenester	33.600,00	50.701,00
Andre driftskostnader	23.300,51	46.575,21
Tap på krav	4 10.000,00	0,00
Ordinære avskrivningar	1 18.750,00	13.249,00
Sum driftskostnader	2.570.469,03	1.149.772,55
Driftsresultat	-107.126,99	-184.534,55
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER		
Renteinntekter	15.129,00	9.619,00
Rentekostnader	-15.979,00	0,00
Andre finanskostnader	0,00	-276,00
Netto finansposter	-850,00	9.343,00
Resultat før ekstraord. inntekter og kostnader	-107.976,99	-175.191,55
Årsunderskot	3 -107.976,99	-175.191,55
OPPSKRIVINGAR OG OVERFØRINGAR		
Udekkta tap	-107.976,99	-175.191,55
Sum oppskrivningar og overføringar	-107.976,99	-175.191,55

BALANSE per 31. desember

Ivar Aasen-stiftinga

EIGEDLAR		1996	1995
	Note		
Omløpsmiddel			
Kasse		0	1.043,50
Bankinnskott	6	263.894,08	655.374,12
Kundekrav	4	272.624,00	8.200,00
Andre krav	4	9.684,70	0,00
Varelager	5	10.000,00	35.745,00
Sum omløpsmiddel		<u>556.202,78</u>	<u>700.362,62</u>
Anleggsmiddel			
Inventar	1	30.610,00	30.910,00
Sum anleggsmiddel		<u>30.610,00</u>	<u>30.910,00</u>
SUM EIGEDLAR		<u><u>586.812,78</u></u>	<u><u>731.272,62</u></u>


BALANSE per 31. desember


Ivar Aasen-stiftinga


GJELD OG EIGENKAPITAL	1996	1995
Kortsiktig gjeld		
Leverandørgjeld	283.790,95	356.907,38
Trekk og offentlege avgifter	38.981,00	0,00
Påkomne kostnader	38.192,00	0,00
Forskotsbetalte inntekter	2 0,00	360.000,00
Anna kortsiktig gjeld	28.694,58	0,00
Sum kortsiktig gjeld	389.658,53	716.907,38
Langsiktig gjeld		
Banklån	290.766,00	0,00
Sum langsiktig gjeld	290.766,00	0,00
Sum gjeld	680.424,53	716.907,38
Eigenkapital		
Grunnfond	200.000,00	200.000,00
Sum bunden eigenkapital	200.000,00	200.000,00
Udekkta tap	3 -293.611,75	-185.634,76
Sum eigenkapital	-93.611,75	14.365,24
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL	586.812,78	731.272,62

Ørsta, 31.12.96
21.04.97

I styret for
Ivar Aasen-stiftinga


Jostein Nerbøvik


Ola E. Bø


Jan Magne Dahle


Jan Olav Fretland


Jens Kåre Engeset

Som revisor i stiftinga kan vi stadfeste at tilskotet
frå Kulturdepartementet er nytta i samsvar med
føresegnadene i tildelingsbrevet frå departementet.


Arvid Hovden
statsautorisert revisor

NOTAR for 1996

Ivar Aasen-stiftinga

Note 1

Spesifikasjon av varige driftsmiddel

	<u>Inventar</u>
Kostpris 1.1.	44.159
Tilgang i året	18.450
Avgang i året	0
Akkumulerte avskrivningar pr. 31.12.	-31.999
Bokført verdi pr 31.12.	<u>30.610</u>
Avskrivningar i år	<u>18.750</u>
Nytta avskrivingssats	<u>30</u>

Note 2

Tilskot

Av denne posten er fylgjande offentlege tilskot:

Kulturdepartementet, kap. 326 post 79, Dei Nynorske Festspela	256.000
Kulturdepartementet, kap. 320 post 73, Ivar Aasen-tunet	1.109.000
Kulturdepartementet, kap. 320 post 79.9, Kielland-urframføringa	170.000
Sum Kulturdepartementet	<u>1.535.000</u>
Rikskonsertane, støtte Kielland-urframføringa	30.000
Rikskonsertane, underskotsgaranti Kielland-urframføringa	10.000
Møre og Romsdal fylkeskommune, Dei Nynorske Festspela	51.000
Ørsta kommune, Dei Nynorske Festspela	50.000
Volda kommune, Dei Nynorske Festspela	50.000
Andre kommunar / mållag, Dei Nynorske Festspela	22.150
Andre tilskot	12.314
Sum tilskot	<u>1.760.464</u>

Note 3

Samanlikningstal 1995

Rekneskapa for 1996 er i år ført samla for stiftinga og for Dei Nynorske Festspela, medan rekneskapa tidlegare har vore ført separat. Inngåande balanse per 1.1.96 for Dei Nynorske Festspela er bokført inn i stiftinga sin balanse, og samanlikningstala for 1995 er omgruppert og samanslegne for å gjere desse mest mogleg samanliknbare. Udekkja underskot pr. 1.1.96 frå Dei Nynorske Festspela var kr 206.353,77.

Note 4

Kundekrav og andre krav

Krava er verdsett til pålydande redusert med avsetning til tap på krav med kr 10.000. Tilsvarande avsetning pr 1.1.96 var kr 0.

Note 5

Varelager

Varelageret er vurdert til lågaste verdi av kostpris og verkeleg verdi.

Note 6

Bundne midlar

Av bankinnskottet er kr 204.981 bundne midlar.

DEI NYNORSKE FESTSPELA 1996

Prosjektrekneskap frå Ivar Aasen-stiftinga

DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	1996	1995
Tilskot	647.577,30	400.000,00
Sal av varer og annonser	278.550,78	0,00
Billettinntekter	283.988,46	160.521,00
Annonsestønad	0,00	199.850,00
Andre inntekter	18.138,50	12.360,00
Sum driftsinntekter	<u>1.228.255,04</u>	<u>772.731,00</u>
Varekostnader	133.564,01	11.500,00
Lønskostnader	439.755,36	507.647,42
Leige- og leasingkostnader	71.782,96	53.174,83
Utstyr og driftsmateriell	31.276,79	3.776,00
Reise/opphald	259.329,11	146.325,95
Honorar	450.781,75	66.312,61
Møtekostnader	2.273,26	0,00
Ymse kontorkostnader/porto m.m.	120.933,99	81.071,87
Andre driftskostnader	69.272,28	73.228,41
Tap på krav	10.000,00	0,00
Ordinære avskrivningar	18.750,00	13.249,00
Sum driftskostnader	<u>1.607.719,51</u>	<u>956.286,09</u>
Driftsresultat	<u>-379.464,47</u>	<u>-183.555,09</u>
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER		
Renteinntekter	2.020,00	1.637,00
Rentekostnader	-15.449,00	0,00
Netto finanspostar	<u>-13.429,00</u>	<u>1.637,00</u>
Resultat før ekstraord. inntekter og kostnader	<u>-392.893,47</u>	<u>-181.918,09</u>
Årsunderskot	<u>-392.893,47</u>	<u>-181.918,09</u>
OPPSKRIVINGAR OG OVERFØRINGAR		
Udekkta tap	-392.893,47	-181.918,09
Sum oppskrivningar og overføringar	<u>-392.893,47</u>	<u>-181.918,09</u>

Tala i prosjektrekneskapen er ikkje revidert særskilt, men er revidert saman med dei andre rekneskapspostane i årsrekneskapen for Ivar Aasen-stiftinga for 1996.



Til Årsmøtet i

Ivar Aasen-Stiftinga

Deloitte & Touche
Statsautoriserte Revisorer ANS

Storgt. 8, 6100 Volda
Vikegt. 5, 6150 Ørsta

Org.nr.: 947561359
Revisornr.: 947561359
Volda tlf.: 70 07 69 33
Volda fax: 70 07 83 16
Ørsta tlf.: 70 06 89 83
Ørsta fax: 70 06 77 85

REVISJONSMELDING FOR 1996

Vi har revidert årsoppgjeret for Ivar Aasen-Stiftinga for 1996, som viser eit årsunderskot på kr 107.976,99. Årsoppgjeret, som er samansett av resultatrekneskap, balanse og notar, er framlagt av styret i stiftinga.

Vår oppgåve er å granske stiftinga sitt årsoppgjer, rekneskap og handsaminga av andre saker i stiftinga.

Vi har utført revisjonen etter gjeldande lover, forskrifter og god revisjonsskikk. Vi har gjennomført dei revisjonshandlingane som vi har funne nødvendige for å stadfeste at årsoppgjeret ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar. Vi har kontrollert utvalde delar av materialet som ligg til grunn for rekneskapspostane og vurdert dei rekneskapsprinsippa som er nytta, leiinga sine skjønnsavgjerder, og innhald og presentasjon av årsoppgjeret. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk, har vi gått gjennom formuesforvaltninga og den interne kontrollen i stiftinga.

Etter vår meining er årsoppgjeret gjort opp i samsvar med reglane for private stiftingar og god rekneskapsskikk og gir eit forsvarleg uttrykk for stiftinga si økonomiske stilling pr. 31.12.96 og for resultatet av verksemda i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapsskikk.

Ørsta, den 7. mai 1997

Arvid Høyden
statsautorisert revisor

